

Saksnr: 2020/59884-2

Saksbehandlar: Matti Torgersen

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.09.2020
Fylkesutvalet		29.09.2020

## Søknad om tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet viser til at for næringslivet i Vestland er det særleg viktig at sjømattransporten kan kome trygt fram til rett tid. Det er difor svært viktig å fjerne flaskehalsar og trafikkfarlege punkt på fylkesvegnettet. Fylkesutvalet føreset at Statens Vegvesen må leggje vesentleg vekt på dette i handsaminga av søknaden frå Vestland om tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur .
2. Vestland fylkeskommune søker om 64 mill. kr til gjennomføring av tiltak som i hovudsak er breiddeutviding, siktbetring og utbetring av kurvatur fordelt på følgjande strekningar:

Veg	Søknadssum 2020	Søknadssum 2021
Fv. 546 i Austevoll kommune		10 mill. kr.
Fv. 549 i Tysnes kommune	8 mill. kr.	
Fv. 576 I Kvam herad		15 mill. kr.
Fv. 560 i Øygarden kommune	10 mill. kr.	
Fv. 570 i Alver og Masfjorden kommune	8 mill. kr.	
Fv. 5582 i Gulen kommune	5 mill. kr.	
Fv. 616 i Bremanger kommune	8 mill. kr.	

3. Fylkesutvalet meiner at det på generelt grunnlag er uheldig og byråkratiserande med denne typar av søknadsordningar med detaljerte krav og korte søknadsfristar. I nye tildelingar bør midlane kunne bli fordelte av fylkeskommunane basert på statlege føringar.
4. For næringslivet er det svært viktig med gode omkøyringsvegar når riksvegar blir stengde. Ved vidareføring av stønadsordninga for fylkesvegar som er viktige for næringslivet, meiner fylkesutvalet at omkøyringsvegar med store framkomstproblem bør prioriterast.

## Samandrag

Statens vegvesen har gjennom brev datert 10. juli 2020 lyst ut midlar til fylkesvegar som er viktige for næringstransport. Det er løyvd 91,5 mill. kr i 2020 til ordninga, og det er i tillegg knytt ein tilsegnfullmakt på 50 mill. kr. for 2021. Fylkesrådmannen har lagt vekt på at søknadene retter seg mot tiltak som er viktige for sjømattransporten og til gjennomførbarheit. Tiltaka vil i hovudsak vere breiddeutviding, siktbetring og utbetring av kurvatur. Det vert rådd til å søkje om tilskot på til saman 64 mill. kr. til 7 ulike strekningar. Søknadene krev fylkeskommunal medfinansiering på 60 pst eks. mva. Søknadsordninga kan dermed bidra til å endre fylkeskommunen sine prioriteringar av tiltak. Det er difor lagt stor vekt på å finne fram til tiltak som uansett bør gjerast og bli prioriterte, slik at ordninga kan bidra til å forsterke fylkeskommunen sin innsats.

Fylkesrådmannen har i hovudsak lagt opp til å prioritere tiltak på dei vegstrekningane som er nemnde i brevet frå Statens vegvesen. Det er vidare lagt til grunn regional balanse i søknadene, og det medfører at vi føreslår å søkje om tiltak på fleire strekningar

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Dina Lefdal  
fylkesdirektør Infrastruktur og veg

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har gjennom brev datert 10. juli 2020 lyst ut midlar til fylkesvegar som er viktige for næringstransport. Det er løyvd 91,5 mill. kr. i 2020 til ordninga, og det er i tillegg knytt ein tilsegnfullmakt på 50 mill. kr for 2021. Søknadsfrist er 15. september. Utlysingsbrevet følgjer vedlagt.

Ordninga er innretta mot oppgradering av fylkesvegnettet, og fylkeskommunen er tilskotsmottakar. Statleg bidrag vil vere på inntil 40 pst eks. mva. Tiltaket må vere gjennomført innan 1. november to år etter tildelingsåret. Det kan no søkjast om midlar med oppstart både i 2020 og i 2021.

Kriteriesettet for tildeling er:

- Tungbildel og ÅDT
- Konkrete forbetringar og betydinga av desse for næringa om det føreslegne tiltaket skal gjennomførast, som
  - ✓ Betra regularitet (oppetid)
  - ✓ Auka totalvekt og/eller aksellast
  - ✓ Tidsinnsparing ved betra framkome
  - ✓ Tiltak som betrar regularitet/framkome gjennom bruk av ny teknologi/ITS

For 2020 er det prioritert strekningar der næringsgruppene fiske og akvakultur er den største næringsstypen knytt til transportbehov. Det er på landsbasis til saman 18 namngjevne strekningar der det er særleg aktuelt å søkje om midlar. 5 av desse er i Vestland. Det er lagt opp til at det kan søkjast om tilskot til følgjande strekningar:

- ✓ Fv.546 Rådal x 580 Krokeide-Hufthamar-Bekkjarvik x fv.150
- ✓ Fv. 549/48/575/576/49 (tidl. fv. 49) Jektevik-Våge-Norheimsund/x fv. 79 (tidl. fv. 7)
- ✓ Fv. 541 Smørsund x fv.47 -Buavåg- Langevåg -Ekornseter x fv. 542
- ✓ Fv. 560 (tidl. fv. 555) Beinastaden x fv. 561 Eide -Skogsvåg
- ✓ Fv. 570 Andås x E39- Masfjordnes

Det er mogleg å søkje om tilskot til tiltak/prosjekt utanfor denne avgrensinga, om det kan grunnjevast med god måloppnåing for ordninga.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å gjere budsjettendringar i og mellom løyvingsnivå, jf. økonomireglementet pkt. 2.2.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Fylkeskommunen si finansiering vil måtte skje gjennom budsjettposten Mindre utbetringstiltak. Det meste av tiltaka vil kunne gjennomførast i 2021 og 2022, og noko i 2023. For 2020 vil det kunne bli mindre midlar til prosjektering av tiltak. Fylkeskommunen må forskottere dei statlege midlane. Fylkesrådmannen vil kome attende til konsekvensar for budsjettet i 2021 når tildelinga er kjent.

**Klima:** Utbetring av veg vil medføre klimagassutslepp i anleggsfase. Betra veg vil redusere drivstoffforbruk frå spesielt tunge køyretøy og dermed redusere klimagassutslepp.

**Folkehelse:** Tiltaka vil kunne gi betre trafikktrygging

**Regional planstrategi:** Mål 1 i regional planstrategi seier at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket. Betre kommunikasjonar er sentralt for dette.

### Prosess

Vestland fylkeskommune hadde møte med dei aktuelle kommunane og representantar frå næringa 4. september, og har også vore dialog med aktuelle kommunar under vega i prosessen.

I vedlegg i saka er det vist innspel som fylkeskommunen har fått i saka.

## Aktuelle strekningar

Fylkesrådmannen har gjort nokre vurderingar av kva for strekningar som bør prioriterast. Det er her særleg vurdert betydinga i forhold til marin næring. Sjå kart nedanfor.

### Aktuelle strekningar i Vestland



Fv. 546 dekkjer Austevoll og vegen inn til Rådal i Bergen. Vegen har høg trafikk inn mot Bergen. Austevoll har høg verdiskaping innan fiskeri med fleire fiskerirelaterte verksemdar med stor trafikk av tungbil. Det er eit større fiskerimottak på Storebø. Vegen har varierende trafikk, frå ÅDT på rundt 450 rundt Husavik, til 2800 gjennom Storebø. Rundt Husavik er det 8 pst tungbilandel. Vegen på austsida av Huftarøy har mange plassar med låg vegbreidde og krapp kurvatur. Det er særleg sett på strekninga mellom Storebø og Husavik ferjekai.

Kommunen peiker særleg på behov for punktvisse utbetringar frå Bjellandsdalen i vest, til primært til og med brekka forbi Bjelland gamle skule i aust (ovanfor kryss til Austevoll vgs./Sauganeset), sekundært til og med kryss til Austevoll vgs./Sauganeset.

Fv. 549/48/575/576/49 (tidl. fv.49) er ei lang vegstrekning med varierende trafikk og vegstandard. Vegen har ein ÅDT på 350 ved Hodnanes og rundt Ølve, til 1900 ved Våge, rundt 1000 langsetter Hardangerfjorden, aukande til over 2000 nord for Tørvikbygd. Særleg langsetter Hardangerfjorden er det høg tungbildeel, som ligg mellom 10 og 15 %. Det er noko fiskeindustri langsetter Hardangerfjorden

Fv. 541 går gjennom Bømlo og Sveio og er knytt saman med ferjesambandet Langevåg- Buavåg. Det er betydeleg fiskeindustri på Bømlo. Det er planar om utbygging av fv. 541 gjennom Bømlo pakke 2, og det ligg føre godkjend reguleringsplan. Den delen som ligg i Sveio er dels utbygd gjennom Haugalandspakken. Det ligg føre utkast til reguleringsplan der det er eit uavklart motsegn for strekninga inn mot Sveio sentrum. Fylkesrådmannen rår til å ikkje søkje om midlar til utbetring av strekninga gjennom Bømlo no, då denne vil bli løyst om Stortinget vedtek revidert Bømlo pakke. Strekninga gjennom Sveio er vurdert for omfattande til at det kan løysast gjennom denne søknadsordninga.

Fv. 560 i Øygarden kommune har fleire utfordrande parti på vegen. Det er ein del fiskerirelatert verksemd i søndre del av Øygarden kommune, m.a. ved Glesvær. ÅDT varierer frå 5100 lengst sør på vegen, til 11 000 mot Kolltveit. Tungbildelen ligg frå om lag 7 til om lag 10 prosent. Vegen har varierende standard og behov for tiltak fleire plassar, særleg lengst sør der også tungbildelen er størst.

Fv. 570 i Masfjorden kommune har ein ÅDT mellom 370 og 450, og har ein tungbildeel på 9-10 pst. Strekninga har låg standard. Det er noko fiskerirelatert verksemd langsetter strekninga. Lenger ute på Byrknesøy er det verksemd, men det er grunn til å tru at det meste av denne trafikken går via fv. 57 på ferjestrekninga Sløvåg-Leirvåg. Vi vil rå til at vi ikkje vurderer denne strekninga nærare.

Fylkesrådmannen har av omsyn til regional balanse sett på moglegheita for å søkje om prosjekt i nordlege delar av Vestland. Det er mogleg det er to strekningar som kan vere aktuelle å vurdere ut i frå fiskerirelatert verksemd. Dette gjeld:

Fv. 616 Kalvåg- Oldereide er sentral for sjømattransport. ÅDT varierer frå 450 ved Kalvåg til 850 ved Bremanger. Tungbildelen varierer mellom 7 og 10 prosent. Det er ein del fiskeriverksemd ved Kalvåg og elles i Bremanger, og fiskerihamn på Kalvåg er under utbygging. Fylkesrådmannen meiner difor at vi kan forsvare å søkje om midlar til utbetring av denne vegen, ikkje minst ut i frå framtidig vekst i sjømattransport.

Fv. 5582 i Gulen kommune går mellom Sløvåg og Byrknes der det er ein god del sjømattransport frå verksemdar i området. Vegen har varierende standard. ÅDT ligg mellom 200 og 250 med 10 % tungbildeel. I vedlegg til denne saka har kommunen vist til strekningar som bør utbetrast.

### **Innretting av søknad**

Ordninga vart lyst ut midt i sommarferien, og det har vore relativt kort tid å vurdere tiltak og å få ferdig søknader. Det er av omsyn til fristen 15. september nødvendig å sende inn søknaden før politisk handsaming. Samstundes blir det etter at denne saka er ferdig frå fylkesrådmannen arbeidd med å fylla inn søknadsskjema fram mot fristen 15. september. I denne saka er det difor lagt vekt på å få fram fordeling i midlar mellom dei aktuelle vegstrekningane, og ikkje gjort detaljert greie for planlagde tiltak.

I tildelingskriteriene er det lagt stor vekt på innsparing i tid for transportnæringa. Med den storleiken på midlane som er lyst ut, og at dei må brukast innan to år etter tildeling, er det ikkje mogleg å få til større tiltak som kan redusere transporttida vesentleg. Fylkesrådmannen har lagt til grunn at det er kritisk viktig for næringslivet på Vestlandet å fjerne flaskehalsar og standardsprang. Slike tiltak kan bidra vesentleg til trafikktryggleik og ikkje minst at transporten kjem fram i tide. Dei vil også vere nyttig for andre trafikantar og bidra til mindre bruk av drivstoff og dermed også ha betyding for klimagassutslepp og for kostnader for næringslivet.

Midlane skal vere brukte opp i løpet av to år etter søknadsåret. Det er difor lagt vekt på å finne fram til tiltak som kan realiserast enkelt, m.a. at det ikkje medfører krav om reguleringsplan, eller at reguleringsplan ligg føre. Vidare at det ikkje er særlege utfordringar knytt til konflikhtar med kultur- og miljøverdiar og eigedomsforhold.



Ut i frå dette er det i hovudsak framlegg om å søkje midlar til fjerning av trafikkfarlege punkt og flaskehalsar som breiddeutviding, betring av siktsoner, fjerning av flaskehalsar og betring av kurvatur.

Fylkesrådmannen viser elles til at slike tiltak vil redusere drivstoffkostnader/reduerte utslepp samt bidra til trafikktryggleik. Det er grunn til å leggje vekt på dette i søknaden, sjølv om dette ikkje er anført som kriterium for fordeling av midlane.

Søknadene krev fylkeskommunal medfinansiering på 60 pst eks. mva. Søknadsordninga kan dermed bidra til å endre fylkeskommunen sine prioriteringar av tiltak. Det er difor lagt stor vekt på å finne fram til tiltak som uansett bør gjerast og bli prioriterte, slik at ordninga kan bidra til å forsterke fylkeskommunen sin innsats.

Fylkesrådmannen har i hovudsak lagt opp til å prioritere tiltak på dei vegstrekningane som er nemnde i brevet frå Statens vegvesen. Det er lagt til grunn regional balanse i søknadene, og det inneber at det er lagt opp til å søkje om tiltak på fleire strekningar. Fylkesrådmannen har vurdert strekningar i tidlegare Sogn og Fjordane med stor sjømattransport, då alle strekningane i lista til Statens vegvesen ligg i tidlegare Hordaland fylke.

Norges Lastebileierforbund ønskjer å prioritere tidlegare fv.49, og peiker særleg på

- Strekninga Hodnanes – Bakka i Tysnes kommune
- Strekningen Dysvika (Oma) – Mundheim i Kvam herad med flaskehalsar på hele strekningen.

For fordeling av søknadssummar registrer fylkesrådmannen dei synspunkta som er kome frå Norges lastebileigarforbund, der det særleg ser behov for utbetring av fv. 576 (tidl fv. 49) på strekninga Mundheim- Tørvikbygd, og føreslår å søkje om 15 mill. kr. til denne delstrekninga. For fv. 560 i Øygarden og fv.546 i Austevoll er det føreslått noko større tiltak, og fylkesrådmannen har lagt til grunn å søkje om 10 mill. kr for desse to strekningane. For dei andre strekningane, kan det gjennomførast mindre tiltak tilpassa tilgjengelege midlar. Dette er også tiltak som ikkje krev like mykje arbeid grunna enklare terreng i dei aktuelle områda.

Med ei ramme på totalt rundt 140 mill. kr. der Vestland har 5 av 16 strekningar, trur fylkesrådmannen at det kan vere realistisk å få innvilga opp mot 50 mill. kr.

Fylkesrådmannen rår til at det vert søkt om 64 mill. kr. fordelt på følgjande strekningar i ikkje-prioritert rekkjefølgje.

Veg	Plassering	Søknadssum
Fv. 546 i Austevoll kommune	Bjellandsvegen	10 mill. kr.
Fv. 549 i Tysnes kommune	Flatråker og Vadlasvingane	8 mill. kr.
Fv. 576 i Kvam herad	Mundheim-Ljones-Tørvikbygd	15 mill. kr.
Fv. 560 i Øygarden kommune	Krossleite og Tellnes	10 mill. kr.
Fv. 570 i Alver og Masfjorden kommune	Stall, Einestrånd, Kvinge, Vågsbotn	8 mill. kr.
Fv. 5582 i Gulen kommune	Sløvåg-Byrknes	5 mill. kr.
Fv. 616 i Bremanger kommune	Dalsbotn, Fossestanda, Trongesundet og Ryland.	8 mill. kr.

For Kvam og Austevoll er det rådd til at det vert søkt om midlar i 2021 grunna at dette er noko større tiltak, for dei andre for 2020.

Det har vore innspel på ei rekkje andre vegstrekningar. Midtvegen fv. 615 AS har ønska å bruke løyvde midlar i inneverande år som eigendel for søknader til neste år. Fv. 615 Hyen – Storebru er etter det fylkesrådmannen kjenner til ikkje ein sentral veg for slik type transport. Det er difor ikkje vurdert tiltak på denne strekninga.

Fylkesrådmannen meiner vidare det er uheldig med ordningar av denne typen med sterk øyremerking og detaljert søknadsprosess for tiltak på fylkesvegnettet. Slike ordningar er byråkratiserande og kan bidra til å vri fylkeskommunen sine prioriteringar. Fylkeskommunane er i

stand til å kunne sikre at midlar av denne type blir brukt på ein fornuftig måte etter regional dialog innanfor statlege krav.

Fylkesrådmannen viser til vedlagte innspel frå Norges lastebileierforbund der dei peiker på behovet for midlar til omkøyringsvegar, særleg fv. 49/79 Granvin-Norheimsund-Trengereid.

Fylkesrådmannen er samd i dette, og meiner at om ordninga med støtte til næringslivet skal vidareførast, bør kriteria frametter fokusere også på vegar som er viktige omkøyringsvegar ved stengingar på riksvegnettet. Omkøyringsvegane er som regel ikkje dimensjonerte for å kunne ta auken i trafikkmengda som følgje av stengde riksvegar. Dette er ei stor utfordring for næringslivet på Vestlandet, der det er lange omkøyringsvegar og vegar som ikkje er i stand til å ta imot denne trafikken. Her kan vi nemne E16 Arna-Voss, der det er ofte omkøyring på fv. 49 grunna ras og ulukker. Fleire andre omkøyringsvegar er i same situasjon der dei ikkje kan ta imot den auka trafikkmengda ved stengingar knytt til hendingar på riksveg som t.d. ras og ulukker.

### **Konklusjon**

Det vert rådd til å søkje om til saman 64 mill. kr fordelt på i alt 7 vegstrekningar.